

(A) = Åpen, kan bestilles fra Universitetet i Stavanger / Arkeologisk museum
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke utleveres

Arkeologisk overvaking i samband med realisering av gatebruksplan for Petri-platået, Storhaug bydel.

Bergjeland, gnr. 55, bnr 879 m.fl., "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.

Even Bjørdal

AM saksnummer: 26/2007
Journalnummer: 07/356

Dato: 21.12.2009
Sidetall: 6 + vedlegg
Opplag: 10

Oppdragsgiver: Stavanger Aftenblad
Postboks 229
4001 Stavanger

Overvaking utført av AmS for NIKU Distriktskontor Bergen

Stikkord:

Petriplatået, påfylde massar, grunnfjell



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Oppdragsrapport 2009/35
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4002 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uls.no

Stavanger 2009

Arkeologisk overvaking i samband med realisering av gatebruksplan for Petri-plataet, Storhaug bydel.

Bergjeland, gnr. 55, bnr 879 m. fl., "Stavanger
mellomalderby", Stavanger k.

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum OPPDRAGSRAPPORT	RAPPORTNUMMER 2009/35
Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum, 4036 Stavanger Telefon: 51832600, fax: 51832699, e-post: post-am@uis.no	TILGANG
RAPPORT TITTEL <i>Arkeologisk overvaking i samband med realisering av gatebruksplan for Petriplatået, Storhaug bydel. Bergjeland, gnr. 55, bnr. 879 m.fl., "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.</i>	SIDETAL: 6 sider + vedlegg
	OPPLAG: 10
	DATO: 21.12.2009
Journalnr.: 07/356 Am saksnr.: 26/2007 ID i Askeladden: knytt til 85539 (St.Petri-kyrkja) SAKSHANDSAMAR: Helge Sørheim FORFATTAR: Even Bjørdal	

OPPDRAGSGJEVAR Stavanger Aftenblad Postboks 229 4001 Stavanger Overvaking utført av AmS for NIKU Distriktkontor Bergen	OPPDRAGSGJEVAR SI REF.
REFERAT Saka gjeld realisering av gatebruksplan 1778G1 for området mellom Nykirkebakken, St. Petri – kyrkja og Stavanger Aftenblad (området vert kalla "Petriplatået"). AmS har på vegne av NIKU Distriktkontor Bergen utarbeidd både prosjektskildring og budsjett for ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet her og stått for mannskap til sjølve overvakinga. Overvakinga viste at grunnen i det aktuelle området var prega av påfylde massar frå dei siste hundreåra og grunnfjell. Det blei ikkje påvist freda kulturminnerestar. Det var ingenting blant gjenstandsfunna som vart vurdert til å vere eldre enn frå 1800-talet.	
STIKKORD	
"Petriplatået"	
Påfylde massar og grunnfjell	

1. Samandrag
2. Innleiing
3. Tidsrom og deltakarar
4. Metode
5. Kort om overvakinga
6. Oppsummering
7. Litteratur/korrespondanse
8. Vedlegg

Vedlegg 1 Fotoliste

Vedlegg 2 Kart som viser undersøkingsområdet

Figurar

Figur 1 Undersøkingsområdet på Petriplatået, sett frå Nytorget. Mot N...s. 3

Figur 2 Tidleg i gravinga på platået. Mot SØ...s. 4

Figur 3 NV-del av platået. Mot VNV...s. 4

Figur 4 Grunnfjell kjem til syne under påfylte massar. Mot SØ...s. 5

Figur 5 Grunnfjell og betongkonstruksjon. Mot S...s. 5

Figur 6 Mura kum. Mot SV...s. 5

Figur 7 Rørtrasé ved kjellarinngangen til St. Petri - kyrkja. Mot VNV...s. 5

1. Samandrag

Saka gjeld realisering av gatebruksplan 1778G1 for området "Petriplatået" mellom Nykirkebakken, St. Petri - kyrkja og nybygget til Stavanger Aftenblad (jf. kart i vedlegg 2). Platået skulle gjennomgå omfattande endringar, ein ville grave vekk lausmassar og sprengje seg ned i grunnfjell for å legge til rette for eit samanhengande areal med granittdekke, snuplass, benkar mm.

Det vart nytta gravemaskin til å fjerne massar innan undersøkingsområdet. Rapportforfattaren var til stades og følgde med for å sjå om det dukka opp strukturar eller funn som kunne vere automatisk freda. Det viste seg at grunnen var prega av påfylde massar frå dei siste hundreåra og grunnfjell. Det blei ikkje påvist freda kulturminnerestar. Det var ingenting blant gjenstandsfunna som vart vurdert til å vere eldre enn frå 1800-talet. Undersøkingsområdet var på omlag 850 m².

2. Innleiing

Det aktuelle arealet ligg innanfor grensene til det automatisk freda kulturminnet "mellomalderbyen Stavanger", og det var difor naudsynt med ei arkeologisk gransking i samband med gravearbeidet. Tiltakshavar Stavanger Aftenblad blei pålagd av Riksantikvaren å dekke kostnadane ved denne granskinga/overvakinga (jf. brev frå Riksantikvaren, 2008). På vegne av NIKU Distriktskontor Bergen utforma Arkeologisk museum i Stavanger (AmS, frå 2009 av Am/UiS) ei prosjektskildring og eit budsjett for den arkeologiske granskinga (jf. AmS, 2008) Sjølve overvaksingsarbeidet vart utført av rapportforfattaren i ei mellombels stilling ved AmS. Forskar Helge Sørheim var ansvarleg for saka hos AmS.



Figur 1 Undersøkingsområdet på Petriplatået, sett frå Nytorget. Mot N.

3. Tidsrom og deltakarar

Arkeolog Even Bjørdal ved AmS stod for overvakinga. Ho fann stad innan perioden 19. - 21.02. 2008. Gravearbeidet blei utført for tiltakshavaren av Stangeland Maskin, det var involvert fleire førarar av gravemaskiner, hjullastarar mm.

4. Metode

Overvakinga gjekk føre seg på det viset at arkeologen først forklarte for gravemanskapa kva slags typar strukturar, gjenstandar og lag dei skulle vere særleg observante på. Deretter følgde arkeologen med på kva som kom til syne i løpet av gravinga. Av og til vart maskina stansa for at arkeologen skulle få teke foto og gjort oppmålingar og notatar knytt til tilhøva innanfor undersøkingsområdet. Dokumentasjonsmaterialet frå overvakinga omfatta såleis foto, skriftlege notatar og enkle skisser, og informasjon frå manuell oppmåling med måleband og tommestokk.

5. Kort om overvakinga

Ein starta gravinga i NV-delen av området og jobba seg i SØ-retning mot Nytorget. Startpunktet var ved den nyleg gravne grøfta for vassleidning inn til kjellaren på St. Petri - kyrkja. Ei rekkje med kantsteinar utgjorde grensa mot eigedomen til kyrkja (jf. vedlegg 1 og 2).



Figur 2 Tidleg i gravinga på platået. Mot SØ.



Figur 3 NV-del av platået. Mot VNV.

Overflata innan arealet var dekt av asfalt og hardpakka grus og sand. Då maskina skrapte av dette øvste nivået, kom ein på 10-15 cm djupne ned på ymse blandingar av påfylt masse. Fyllmassene omfatta både eit mørk, humushaldig lag av jord, knust stein, bitar av raud tegl mm., mindre lommer av lysare sand og grus og område med knust, grå stein/grunnfjell. Det var ingen teikn på freda strukturar, og dei påtrufne gjenstandane (diverse keramikkskår og rustne metallfragment) blei alle tolka til å stamme frå 1800 - 1900-talet.

Dei i nyare tids påfylte massane var mest omfattande i N-delen av undersøkingområdet, her var det mellom 50 - 100 cm djupt over berget. Grunnfjellet steig så gradvis i retning Nytorget, og i den SØ-delen av arealet låg asfalten så og seie rett på fjellgrunn.



Figur 4 Grunnfjell kjem til syne under påfylte massar. Mot SØ. Figur 5 Grunnfjell og betongkonstruksjon. Mot S.

Eit særleg omfattande innslag av knust fjell midt ute på plataet, stamma etter alt å døme etter utsprenging for ein moderne betongkonstruksjon i bakken like ved (jf. vedlegg 1 og 2).

Omlag 5 m frå inngangen på Ø-sida av kyrkja (jf. vedlegg 1 og 2) støytte ein på restane av ein mura kum med eit jernløk, denne var truleg knytt til eit eldre system med røyr og drenering ved kyrkja.



Figur 6 Mura kum. Mot SV.



Figur 7 Røyrtrasé ved kjellarinngangen til St. Petri - kyrkja. Mot VNV.

Parallelt med grenselina (kantsteinsrekkja) mellom eigedomen til kyrkja og plataet/Aftenbladet, låg der ein trasé med røyr og kablar i bakken. Denne traséen vart avdekka og røyra vart sikra, før ein heldt fram med å grave djupare ned og senke terrenget i området.

Områda i Nykirkebakken og lengst NV på plataet var allereie grave ut og fylt att med moderne massar før denne overvakinga tok til.

6. Oppsummering

Den arkeologiske overvakinga av gravinga på Petriplatået gjekk føre seg over tre dagar i februar 2008. Det blei undersøkt eit areal på omlag 850 m² i dette området mellom St. Petri - kyrkja, Nykirkebakken og byggjetomta for det nye huset til Stavanger Aftenblad. Det vart ikkje gjort funn av freda kulturminne, verken strukturar eller gjenstandsfunn. Området var prega av påfylte lausmassar frå nyare tid over grunnfjell.

Det vart ikkje teke inn gjenstandsfunn eller jordprøver til AmS i samband med overvakinga. Det originale dokumentasjonsmaterialet, i form av foto og notatar, er levert til Top. Ark. ved muséet.

Even Bjørdal
21.12.09

7. Litteratur/korrespondanse


- AmS, 2008 Prosjektskildring og budsjett for overvakinga :
 "*Stavanger k. Gnr. 55. Gatebruksplan/opparbeidelsesplan
 for Petriplatået, Storhaug bydel. Plan 1778G1*"
- Riksantikvaren, 2008 *Vedtak om utgifter til særskilt gransking av automatisk fredet kulturminne
 samt andre vilkår. Realisering av gatebruksplan for Petriplatået, Storhaug
 bydel, Stavanger kommune, Rogaland fylke, jf. Kulturminneloven § 10
 første ledd.*

FOTOLISTE

Oppdrag:	Forminnets art:		Ar:	Forminnens./ID-nr.:	Aks.nr.:	Musn.:	
	Brevjournalnr.:	FU-saknr:					Universitetet i Stavanger
AmS ansv:	Film nr:	Digital	Kommune:	Gård:	Datering:	Arkeologisk museum	
							Hege Sørheim
AmS arkivnr	Bildevnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
90163	1	19.02.08			V	Frå tidleg i gravinga på austsida av kyrkja, i nærleiken av kjellarinnegang.	
90164	2	19.02.08			SSØ	Frå tidleg i gravinga på austsida av kyrkja, i nærleiken av kjellarinnegang.	
90165	3	19.02.08			VSV	Røytkum på austsida av kyrkja.	
90166	4	19.02.08			VSV	Detaljfoto av røytkum.	
90167	5	19.02.08			SSØ	Undervegs i gravinga, moderne røytrase kjem til syne.	
90168	6	19.02.08			NNV	Undervegs i gravinga, området mellom Petrikyrkja og nybygget til Stav. Aftenblad.	
90169	7	20.02.08			SSØ	I-oto som viser sprengt fyltstein over grunnfjell.	
90170	8	20.02.08			SSØ	Foto som viser sprengt fyltstein over grunnfjell.	
90171	9	20.02.08			Ø	Foto som viser påfyllt, moderne masse og sprengt fyltstein over grunnfjell.	
90172	10	21.02.08			SSØ	Arbeidsfoto med maskiner i området mellom kyrkja og nybygget til Stav. Aftenblad.	
90173	11	21.02.08			S	Maskiner knuser og fjernar grunnfjell i område ved moderne betongkonstruksjon, på platået mellom kyrkja og nybygget til Stav. Aftenblad.	
90174	12	21.02.08			V	Mellombels profil av påfyllte masser ved røytrase ved kjellarinnegangen til Petrikyrkja. (1 av 3)	
90175	13	21.02.08			VSV	Mellombels profil av påfyllte masser ved røytrase ved kjellarinnegangen til Petrikyrkja. (2 av 3)	
90176	14	21.02.08			S	Mellombels profil av påfyllte masser ved røytrase ved kjellarinnegangen til Petrikyrkja. (3 av 3)	
90177	15	21.02.08			ØSSØ	Maskiner knuser og fjernar grunnfjell i område ved moderne betongkonstruksjon, på platået mellom kyrkja og nybygget til Stav. Aftenblad	

VEDLEGG 1

Oppdrag: Overvåking i samband med realisering av gatebruksplan for Petriplået, Storhaug bydel i Stavanger		Forminnets art:		Ar: 2007-2008	Forminnr./ID-nr.: 85539	Aks.nr.:	Musnr.:
Fotograf: Even Bjørdal	Brevjournaln.: 07/ 356	FU-saknr: 26/2007	Flyfotoregnr.: 3075 D12 R2	Datering:			
AmS ansv: Helge Sørheim	Film nr:	Digital	Kommune: Stavanger	Gård: Bergjeland	Gnt.: 55	Bnr:	
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	UDK-nr	
90178	16	21.02.08			ØSØ		
90179	17	21.02.08			NNV		
Moderne røyt og grunnfjell i den søraustlegaste delen av undersøkingsområdet, mot Nytorget.							
Petrikyrkja og undersøkingsområdet, sett frå Nytorget.							



PETRIPLATAET
AFTENBLADKVARTALET
ILLUSTRASJONSPLAN 1:200

MULTICONSULT AS

Vedlegg 2 Kart
 Raud farge = overvaka område

